



Njøs Næringsutvikling
Njøsavegen 5

6863 LEIKANGER

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:

Kristin Arnestad

E-post: kristin.arnestad@sfj.no

Tlf.: 90616843

Vår ref.

Sak nr.: 19/3871-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 21.06.2019

Melding om vedtak - Prosjekt: Infrastruktur ved Njøs Eigedom som grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærsenter

Vedtak

Vi viser til søknad sendt til oss 29. mars 2019. Der søker de oss om eit tilskot på 15 mill. kr. til infrastruktur ved Njøs Eigedom, som grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærsenter.

Fylkestinget fekk søknaden lagt fram i møte 4. juni 2019, i sak 31/19 Tertiアルrapport 1/2019. Fylkestinget gjorde følgjande endelege vedtak i saka:

Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 45,650 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 7012 Bransjeretta satsing vert auka med 19,250 mill. kr

Teneste 7015 Nyskapning vert auka med 5,000 mill. kr

Teneste 7600 Muséer vert auka med 21,400 mill. kr

Felles for alle søknadane må vere at dei er innanfor statstøtteregelverket og at prosjekta vert fullfinansierte. Fylkesrådmannen får i oppgåve å følgje opp søknadane innanfor rammene som er gjeve ovanfor.

Gjennom auken til tenesteområde 7012 vedtok fylkestinget å gje eit tilskot til Njøs Næringsutvikling, og prosjektet Infrastruktur ved Njøs Eigedom som grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærsenter på **2 mill. kr.**

Tilskotet kjem i tillegg til 4 mill. kr. løyvd av hovudutval for næring og kultur, i HNK-sak 31/19, som de har fått melding om i brev datert 10. mai 2019.

Fylkeskommunen forpliktar seg gjennom vedtak i hovudutval for næring og kultur, og i fylkestinget til å yte eit tilskot på til saman 6 mill. kr. til prosjektet Infrastruktur ved Njøs Eigedom som grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærsenter, gitt at de oppfyller vilkåra i vedtaka.

Det står enno att avklaringar knytt til mellom anna kostnadsgrunnlag, og statsstøtteregelverk før vi kan skrive endeleg tilskotsbrev med vilkår for tilskotet.

Vilkår

Det er eit absolutt vilkår at tilskotet skal vere innanfor statsstøtteregelverket. Det vil seie at de må spesifisere tydeleg kostnadsgrunnlaget slik det kan gjerast naudsynte vurderinger. Tilskotet frå hovudutvalet er sett av til forskingsinfrastruktur, medan det ikkje ligg slike føringar knytt til tilskotet sett av frå fylkestinget. Informasjonen vil treng for å vurdere tilskotet opp mot statsstøtteregelverket kan varierer ut frå dei aktuelle heimlane. Vi legg difor opp til å gje utfyllande informasjon om kva opplysningar vi treng, gjennom ein vidare dialog.

De har fått noko mindre enn søkt om i tilskot frå fylkeskommunen. Når vi vurderer krav til oppfylling av vilkår om fullfinansiering vil vi legge til grunn at prosjektet vert gjennomført i tråd med intensjonane i søknaden. Dette føreset sjølv sagt at Graminor flyttar jordbærforedlinga til Njøs.

Statusoppdatering

Vi ynskjer å vere oppdatert om framdrifta i prosjektet og ber dykk om ei kort statusoppdatering innan 20. august 2019.

Vi ber om at de sender oppdatert informasjon slik at vi har høve til å vurdere vilkåra, og skrive eit tilskotsbrev i løpet av hausten 2019.

Dersom de har spørsmål tek de kontakt med sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkeskommunen

Kristin Arnestad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Tore Eriksen, fylkesrådmann
Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga